

Eit vakse stumfilmorkester også med Uskedalinnslag vil spela til kult-skrekkfilmen Nosferatu i Rosendal Samfunnshus laurdag kveld.

12 musikarar er med og vil framføra nyskriven filmmusikk. Dei er Bjarne Øymyr, Sindre Aksnes, Gopi Storegjerde, Sebastian Lamberg Torjusen, Vivian Brede, Tobias Lamberg Tojusen, Marius Lamberg Torjusen, Egil Kjerstad, Roger Sjøvold Dalland, Atle Fredheim, Ivar Baste og Sigmund Vik.

Det vert se rvering av Dracula-tapas under framsyninga og den er det Elin Enes som står for. Etterpå spelar bandet Samband06.

Stumfilmen er frå 1922 og han vert framleis rekna som ein topp i filmhistoria med omsyn til påverknadskraft. Musikken er Bjarne Øymyrs verk.

Tekst, nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Arrangøren